

07

Årsmelding 2007

Om Noregs forskingsråd

Noregs forskingsråd er eit nasjonalt forskingsstrategisk og forskingsfinansierande organ. Forskingsrådet er den viktigaste forskingspolitiske rådgivaren for Regjeringa, departementa og andre sentrale institusjonar og miljø med tilknytning til forskning og utvikling (FoU). Vidare arbeider Forskingsrådet for eit løft både når det gjeld økonomi og kvalitet i norsk FoU og for å fremje innovasjon, i samspel mellom forskingsmiljøa, næringslivet og den offentlege forvaltninga. Forskingsrådet skal identifisere behov for forskning og foreslå prioriteringar. Gjennom målretta finansieringsordningar skal Rådet medverke til å setje i verk nasjonale forskingspolitiske vedtak. Andre viktige oppgåver er å fungere som møteplass mellom forskarar, brukarar av forskning og dei som finansierer forskning, og å medverke til internasjonalisering av norsk forskning.

Innhald

Føreord, side 3
Melding frå Hovudstyret, side 4
Nøkkeltall, side 10
Resultatrekneskap, side 11
Balanse, side 12
Kontantstraumoppstilling, side 14
Notar, side 15
Administrativ leiing, side 22
Forskingsrådets hovudstyre og divisjonsstyrar, side 23





Foto: Anne Norseth

Føreord: Kamp om forskartalenta

I januar i år kunngjorde Det europeiske forskingsrådet (ERC) resultatet i den aller første utlysinga av frie grunnforskningsmidlar til yngre forskarar. Rundt 300 yngre forskarar vil få støtte i ein femårsperiode. Berre ein forskar frå ein norsk institusjon nådde opp, medan to andre kom på reservelista. Både den som fekk støtte og dei øvrige finalistane fekk dermed også eit stempel som framifrå forskarar i Europa. Og straks er desse kandidatane blitt svært attraktive, ikkje berre for norske forskingsmiljø, men for miljø over heile verda. Minst ein av dei tre norske toppkandidatane er på veg ut av landet.

Kva fortel dette oss? Det seier oss noko om internasjonalisering, om rekruttering og ikkje minst om den globale konkurransen om talent. EU trappar opp forskingsinnsatsen. Det siste rammeprogrammet har meir pengar i potten og dekkjer breiare enn før. No omfattar det også fri grunnforskning gjennom det nye European Research Council. Det sjuande rammeprogram-

met går i 7 år og Noreg skal legge nesten 9 mrd kroner på bordet for å delta. Vi har klart oss bra tidlegare, men utfordringane er store. Fleire miljø må melde seg på og Forskingsrådet aukar innsatsen for å medverke til dette.

Rekruttering av forskarar har blitt eit viktigare spørsmål det siste året og vil vere eit hovudspørsmål også i åra frametter. Vi må ha nok rekruttar til erstatning for dei som går ut av systemet. Det næraste tiåret er denne utfordringa større enn før med fire av ti tilsette i faste vitenskaplege stillingar i UoH-sektoren i aldersgruppa over 55 år. I tillegg skal innsatsen trappast opp. Vi skal bruke meir ressursar på forskning og utviklingsarbeid og dette krev ikkje berre meir folk, men fleire av dei mest talentfulle. Tidlegare har forskingsinstitusjonane tatt for gitt at flinke folk pressar på for å sleppe inn. Dette kan dei ikkje lenger. I staden må universitet og høøgskolar ta heilt andre aktive grep for å vere attraktive og trekke til seg dei beste.

Og kampen om å vinne forskartalenta er ikkje berre nasjonal, mellom universitet, høøgskolar, institutt og næringsliv. Historia ovanfor viser at også denne kampen er globalisert. Sjølv om dei fleste framleis vil tenke nasjonalt, vil fleire og fleire la seg motivere av tilbod frå utanlandske miljø. At nokre søker ut er av det gode så lenge våre eigne forskingsmiljø også maktar å tiltrekke seg framifrå forskarar, norske så vel som utanlandske. Det kan vi bare klare om vi satsar nok, gir gode vilkår, har framifrå utstyr og har forskingsgrupper som er aktive i dei beste nettverk. Det er dette vi har arbeid for i året som gjekk, og det er dette det vil stå om i åra som kjem.

Arvid Hallén
administrerande direktør

Melding frå Hovudstyret 2007

Forskringsrådet konstaterer at norsk forskning er i framgang, og i 2007 er internasjonalt forskingssamarbeid sett høgare på dagsordenen. Forskringsrådet har også vore ein pådriver for auka innsats på klima- og energiforskning. Hovudstyret peiker på at det overordna vekstmålet i Forskringsmeldinga så langt ikkje er nådd.

Klimaproblematikken har synleggjort kva forskning har å seie

Tildeling av Nobels fredspris for 2007 til FN's klimapanel og Al Gore markerte kva forskinga og formidlinga har å seie for å kunne forstå og løyse samansette samfunnsutfordringar. Rapportane frå FN's klimapanel med viktige norske forskingsbidrag, pluss Lågutsleppsutvalet, Energi21 og Stortingets klimaforlik, har skapt forventningar både i forskingsmiljøa og elles i samfunnet.

Forskringsrådet har i 2007 vore ein viktig pådriver for å auke innsatsen på klima- og energiforskning, og klimaforliket i Stortinget markerte eit gjennombrøt for eit sterkare forskingsperspektiv i klimapolitikken. Forskringsrådet har også medverka til ein FoU-strategi for energisektoren: Energi21. Arbeidet blei sett i gang av Olje- og energidepartementet og har samla brei deltaking frå næringslivet.

Klimaforskning omfattar forskning om klimasystemet og klimautviklinga, og spenner over mange fagfelt. Forskinga tek for seg årsaker, verknader og moglege løysingar på klimaproblemet. Klimaforskning er eit viktig tema i Det internasjonale polaråret (IPY), der Noreg som sterk polar- og klimaforskningsnasjon satsar stort, og der Forskringsrådet har ansvaret for det norske IPY-sekretariatet. I 2007 blei det også sett i gang eit større samordna forskingsprosjekt for å få fram betre beskrivingar av klimaet i framtida i Noregs næringsområde.

Klimaproblematikken har aksentuert den rolla Noreg har som energinasjon. Vi har ressurs- og kunnskapsmessige føresetnader for enda større verdiskaping knytt til energi. Ikkje minst har vi mykje erfaring frå olje/gass-sektoren. Noreg har eit godt utgangspunkt for å

bli ein internasjonal leverandør av forskingsresultat, teknologi, kompetanse og tenester, også innanfor fornybar energi og CO₂-handtering.

Auka kvalitet i norsk forskning

Både Forskringsrådets strategi og Forskringsmeldinga framhevar auka forskingskvalitet som eit viktig mål for norsk forskning. Forsking av høg kvalitet er karakterisert av soliditet, originalitet, fagleg relevans og samfunnsmessig eller praktisk nytteverdi – med forskjellig vektning i ulike fag. Det er gjennomført og skal gjennomførast ei rekkje evalueringar av norske fagområde i eit internasjonalt perspektiv. Evalueringane viser at både den faglege, organisatoriske og leiingsmessige kvaliteten kan vere varierende, sjølv om mykje er bra. Evalueringane formar grunnlag for handlingsplanar med sikte på å heve kvaliteten innanfor fagområdet. I tillegg er det dei siste åra sett i verk fleire kvalitetsfremjande tiltak som SSF, SFI og YFF.

Eit av Forskringsrådets viktigaste tiltak for å auka forskingskvaliteten er etableringa av Senter for framifrå forskning (SFF). Dei 13 første sentra fekk svært positiv vurdering ved den internasjonale midtvegsevalueringa, og er derfor gitt kontrakt for ein ny femårsperiode. I 2007 blei det dessutan starta åtte nye senter. Evalueringa har vist at SFF-ordninga medverkar til auka kvalitet, synleggjer forskinga nasjonalt og internasjonalt og dreg til seg både internasjonale toppforskarar og meir forskingsmidlar. Fagleg leiarskap er eit viktig suksesskriterium, det same gjeld å få til godt samspel mellom senter og vertsinstitusjon.

Styret konstaterer at norsk forskning er i framgang, m.a. målt gjennom

internasjonale indikatorar. Norske forskarar publiserer fleire artiklar saman med utanlandske kollegaer enn før, og artiklar med norske forfattarar blir meir siterte enn før. Siteringsindeksen viser ei sterk utvikling frå 90-talet. For 15 år sidan var vi svakast i Norden, mens artiklar med norsk deltaking no er like hyppig siterte som artiklar med svensk og finsk. Danmark ligg framleis eit godt stykke framom.

Både endringane i publiseringsmønsteret og arbeidet i klimapanelet viser at internasjonalt samarbeid er ein viktig føresetnad for å få auka kvalitet og for å medverke til å løyse globale kunnskapsutfordringar. Forskringsrådet arbeider derfor aktivt for å få auka samhandling og synergi mellom norsk og internasjonalt forskning og forskingsbasert innovasjon. I 2007 er det sett i verk fleire nye tiltak for å utvikle robuste nettverk og alliansar mellom norske og utanlandske aktørar. Tiltaka er særleg retta mot EUs forskingspolitiske initiativ og mot bilateralt samarbeid med prioriterte land.

Forskning for innovasjon

Forskning og utvikling får auka verdi for innovasjon og produktivtvekst. Forskringsrådets største program – Brukarstyrt innovasjonsarena (BIA) – er ein open konkurransearena der prosjekta som har størst bedrifts- og samfunnsøkonomisk potensial får støtte, uavhengig av område eller tema. Halvparten av FoU-investeringane i Noreg blir gjort av bedrifter som har BIA som einaste finansieringskjelde. Etter to år kan ein konstatere at prosjekta i BIA har høg innovasjonsgrad og stort potensial for verdiskaping. Bak mange av prosjekta står breie konsortium med samarbeid langs verdikjeder eller på tvers av bransjar. I

over 90 prosent av prosjekta inngår det internasjonalt samarbeid med utanlandske bedrifter eller FoU-miljø. Prosjektporteføljen byggjer dermed opp under viktige næringspolitiske prioriteringar.

I løpet av 2007 blei 14 *Senter for forskingsdriven innovasjon* (SFI) godkjende. Dette er eit nytt, ambisiøst innovasjonsretta verkemiddel. Sentra skal utvikle kompetanse på høgt internasjonalt nivå på område som er viktige for innovasjon og verdiskaping. Dei skal styrkje lang-siktig næringsretta forskning i eit tett samspel mellom bedrifter og forskingsmiljø. I alt 98 bedrifter og offentlege verksemder tek del, og i sentra arbeider over 300 forskarar i tillegg til 80 stipendiatar.

Evalueringa av SkatteFUNN-ordninga blei fullført i 2007 av Statistisk sentralbyrå i samarbeid med Nordlandsforskning, og dekkjer heile perioden sidan starten i 2002. Hovudkonklusjonen er at SkatteFUNN fungerer etter føremålet og verkar mobiliserande på FoU-aktiviteten i næringslivet. Statistisk sentralbyrå reknar med at éi krone i skattelette gjennom SkatteFUNN løyser ut ca. to kroner til FoU i bedriftene. Ordninga er godt kjend, ho er enkel og føreseieleg, og rimeleg å administrere.

Forskingspolitisk rådgiving

Forskringsrådet har i 2007 utarbeidd ei rekkje strategiar og handlingsplanar for viktige delar av norsk forskning, under dette forslag til nasjonal strategi for forskingsinfrastruktur, policy for medisinsk og helsefagleg forskning, strategi for humanistisk forskning, samt policy og handlingsplan for å styrkje likestilling og kjønnsperspektiv i forskinga. Det er gjennomført fagevalueringar av økonomi og farmasi, og utarbeidd forslag til eit nytt finansieringssystem for instituttsektoren.

Den nasjonale strategien for forskingsinfrastruktur har eit tiårsperspektiv og omfattar nye investeringar og oppgradering av vitenskapleg utstyr, storskala fasilitetar, elektronisk infrastruktur, databasar og vitenskaplege samlingar. Målet er å etablere ein infrastruktur som sikrar kvalitet og effektivitet i forskinga, og som gjer at norske forskingsmiljø står fram som attraktive partnerar for utanlandske FoU-miljø og



Foto: REC (Renewable Energy Corporation)



Foto: Shutterstock

kan trekkje dyktige forskarar til Noreg. Strategien vil bli følgd opp med treårige handlingsplanar.

Forskringsrådets forslag til nytt system for *finansiering av instituttsektoren* er ei oppfølging av Forskringsmeldinga, og blei lagt fram i oktober 2006. På oppdrag frå styresmaktene har Forskringsrådet i 2007 vidareutvikla systemet.

Forskringsrådet har i 2007 utarbeidd policy og handlingsplan for å styrkje arbeidet med *likestilling og kjønnsperspektiv i forskning*. Større fokus på kjønnsdimensjonen er nødvendig for å nå dei ambisiøse måla for norsk forskning, m.a. å styrkje rekruttering, kvalitet og breidd i forskinga. Handlingsplanen medverkar til å fremje ein betre kjønnsbalanse i forskinga og auke kunnskapen om korleis kjønn verkar inn på ulike tema og område ein forskar på.

Forskringsrådet har gitt innspel til fleire stortingsmeldingar og offentlege utgreiingar som gjeld forskning, under dette til stortingsmelding om rekruttering og forskarutdanning, stortingsmelding om innovasjon, samt regionalreforma med forslag om etablering av regionale forskingsfond.

Forskringsrådets innspel til *stortingsmelding om innovasjon* har m.a. understreka tre forhold: Det er behov for langsiktige verkemiddel som stimulerer kunnskapsinvesteringar i næringslivet og fremjar overføring av kunnskap i innovasjonssystemet. Det trengst ei vesentleg styrking av infrastrukturen for å skape gode, effektive og attraktive kunnskapsmiljø. Den offentlege FoU-innsatsen må aukast for å stimulere innovasjon i bedrifter og offentleg sektor, særleg innanfor sentrale innovasjonsområde.

I innspelet til *stortingsmeldinga om rekruttering og forskarutdanning* har Forskringsrådet understreka rekrutteringsbehova, og peikt på at kvalitet og kapasitet i forskarutdanninga må byggjast ut etter ein langsiktig og forpliktande plan. Fordeling av veksten på ulike fagområde bør knytast til behovsanalysar, og baserast på nasjonale forskingspolitiske målsetjingar og på kunnskapsutfordringar i næringslivet og forvaltninga. Fordelinga av midlar må ta omsyn til at forskarutdanning med høg kvalitet er ressurskrevjande og føreset god infrastruktur og fagmiljø av ein viss storleik. Små miljø bør derfor konsentrere si utdanning til færre fag og område.

Forskringsrådet har greidd ut forslaget om *regionale forskingsfond* som blei lagt fram i stortingsmeldinga om forvaltningsreforma (*Regionale føremoner – regional framtid*). Utgreiinga blei levert i desember 2007 og sendt på høyring som ein del av forvaltningsreforma. Forslaget har som mål å mobilisere til auka forskingsinnsats i heile landet, styrkje Forskringsrådet i regionane og ta i bruk særlege verkemiddel for å auke FoU-innsatsen og samspelet mellom viktige regionale aktørar. Forskringsrådet har lagt stor vekt på at forskinga må ha høg kvalitet og at finansieringa må vere samordna nasjonalt. Forskringsrådet ønskjer ei aktiv rolle i utviklinga og forvaltninga av eit avgrensa tal regionale forskingsfond. Fonda bør finansierast med friske midlar for ikkje å svekkje nasjonale prioriteringar.

Internasjonalt samarbeid

I 2007 har *internasjonalt forskingssamarbeid* blitt sett høgare på dagsordenen. EU




Foto: xxxxxx

Foto: Sverre Jaalid

Foto: Shutterstock

Foto: Shutterstock

Foto: Shutterstock

har styrkt innsatsen i det felleseuropeiske forskingsområdet (ERA). Det har også vore ein generell auke i internasjonal samhandling og ein aukande konkurranse om forskarane. Globaliseringa representerer i dette perspektivet både eit potensial for auka kunnskap og ei drivkraft for å heve kvaliteten i det norske FoU-systemet.

Den sterke norske deltakinga i EUs 6. rammeprogram medverkar til at FoU-systemet er meir internasjonalt orientert, meir integrert i europeisk FoU og meir prega av struktureringa i rammeprogramma. I lys av dette lagar Forskringsrådet ein strategi for EUs 7. rammeprogram (7RP).

Forskringsrådet mobiliserer og stimulerer det norske FoU-systemet til å ta del i 7RP og bygginga av det europeiske forskingsområdet (ERA). EU styrker/utvidar verkemidla for å realisere dette, mellom anna gjennom forslag om å styrkje felles europeisk forskingsinfrastruktur (ESFRI), og gjennom etablering av eit European Institute of Technology (EIT). Forskringsrådet formulerer grunnlaget for Noregs posisjon til Europakommisjonens *Green paper on European Research Area*, og har medverka til Noregs høge uttelling innanfor marine og maritime prosjekt.

Det bilaterale forskingssamarbeidet aukar i omfang. I 2007 blei 128 nye prosjekt godkjende, fordelte på samarbeid med Nord-Amerika, Kina, Russland, Japan og India.

I 2007 tok Forskringsrådet initiativ til å utvide samarbeidet med Nord-Ame-

rika, og vedtok å endre ordninga med stimuleringstiltak, dels for å integrere ordninga i forhold til andre verkemiddel, og dels med sikte på å styrkje det næringsorienterte samarbeidet. Kontakten og samarbeidet med amerikanske forskingsinstitusjonar er også blitt styrkt. I 2007 finansierte Forskringsrådet 55 nye prosjekt for bilateralt samarbeid med USA og Canada innanfor stimuleringordninga. I tillegg blei det gjennom Leiv Eiriksson mobilitetsprogram gitt 48 nye stipend, dei fleste for opphald i USA eller Canada, samt gjesteforskarstipend for nordamerikanske forskarar.

Forskringssamarbeidet med Japan innanfor «Energi» og «Nanoteknologi – materialar» utviklar seg svært godt. Særleg universitetssamarbeidet gjennom KIFEE (Kyoto International Forum for Energy and Environment) er stort. Innanfor «Rein Sjømat» er det interesse i begge land. Det er aktuelt å utvide samarbeidet innanfor romforskning og polar- og klimaforskning. Japan har hatt ei stipendordning som støttar norske forskarar til Japan. I 2007 har Noreg etablert ei tilsvarande ordning for å stimulere japanske forskarar til Noreg. Det er også skrive samarbeidsavtalar mellom norske og japanske forskingsinstitutt og universitet. Eit viktig grunnlag for samarbeidet med Japan ligg i Innovasjon Norges lokale representasjon i Japan.

Forskringssamarbeidet med Kina aukar i omfang. I 2007 starta utviklinga av ei

plattform for samarbeidet, og Forskringsrådet samarbeider med UD om oppfølging av den Kina-strategien for forskning som regjeringa har.

Under ordninga med bilaterale stimuleringstiltak blei det godkjent 77 prosjekt. Det er sett i gang prosjekt i alle fagområde og i ulike forskingsmiljø. Samarbeidet med Kina har også fått ei nordisk og europeisk ankring gjennom deltaking i eit Noria-Net og årlege nordiske konferansar i samarbeid med Chinese Academy of Sciences (CAS). På europeisk nivå samarbeider ein m.a. gjennom ERA-Nettet COREACH.

Samarbeidet med Kina blir utvikla med tre breie tematiske område som prioritet: Energi, miljø og polarforskning, Hydrologi og forvaltning av vassressursar, samt Økonomi, velferd og regional utvikling. I 2007 blei det utarbeidd ei skisse til ei tiårig satsing som no blir drøfta av aktuelle partar.

Verdas største forskingsprogram, *Det internasjonale polaråret (IPY) 2007–2008*, blei sett i gang i mars 2007 med tung norsk deltaking. IPY omfattar intensiv datafangst i to sommarsesongar i nordlege og to i sørlege polarområde. Til saman tek 50 000 forskarar frå 63 land del. Det norske programmet finansierer i alt 27 forskingsprosjekt med stort internasjonalt samarbeid. Sidan alle prosjekta inngår i internasjonale klynger, inneber IPY også eit steg vidare i internasjonalisering av norsk forskning.

Forskringsrådets finansieringsrolle

I 2007 ytte Forskringsrådet 5,2 milliardar kroner til FoU-prosjekt og har gjennom året behandla over 4 000 søknader. Totalt hadde 68 program og aktivitetar utlysingar.

Programma mottok ca. 2 500 søknader på til saman 15,4 milliardar kroner. Ca. 55 prosent var innanfor matematikk, naturvitskap og teknologi. Nær halvparten av søknadene kom frå UoH-sektoren, og 35 prosent frå instituttsektoren.

Til fri prosjektstøtte kom det inn over 900 søknader, med ein gjennomsnittstorleik for heile prosjektperioden på fem millionar kroner. Samla blei det søkt om 4,6 milliardar kroner til fri prosjektstøtte. 80 prosent av søknadene fordelte seg relativt jamt mellom fagområda humaniora, matematikk/naturvitskap og medisin, 6 prosent var innanfor teknologifaga og 14 prosent var innanfor samfunnsvitskap. Nær 80 prosent av søknadene kom frå UoH-sektoren og 13 prosent frå instituttsektoren.

Per 1. mai er om lag 85 prosent av søknadene ferdigbehandla, og 35 prosent av desse har fått tilskot. Nær 14 prosent av søknadene til fri prosjektstøtte har fått tilskot. Mange støtteverdige prosjekt må ein avslå pga. små rammer.

Strategiarbeid, kunnskapsgrunnlag og organisasjon

Eit nytt hovudstyre for Forskringsrådet blei oppnemnt frå 1. januar 2007. Kunnskapsministeren tok del på det første styremøtet, og i desember møtte eit samla styre Regjeringas forskingsutval.

Hovudstyret oppnemnde i 2007 nye divisjonsstyre for dei kommande fire åra, med ei samansetning som reflekterer mangesidige kompetansebehov og grensesnitt mot viktige brukargrupper. Mandatet for divisjonsstyra blei samtidig revidert, med ei tydeleggjering av ansvarsområda og den faglege og fagstrategiske styringa av verksemda, og med vekt på heilskapen i Forskringsrådet og kva godt samspel har å seie på tvers av divisjonane.

Leiaren i styret har saman med administrerande direktør hatt ei rekkje kontaktmøte med politisk leiing i fleire av departementa, der det er fokusert på korleis Forskringsrådet kan betre si forskingspolitiske rådgiving. Hovudstyret

oppfattar at forskinga har stor politisk støtte, og at forskinga blir tillagd stor verdi for samfunns- og næringsutviklinga.

Styret har i 2007 også starta arbeidet med full revisjon av Forskringsrådets overordna strategi. Den førre strategien (*Forskning flytter grenser*) blei utarbeidd før Forskringsmeldinga i 2005 og før Soria Moria-erklæringa, som begge gjer nye prioriteringar. Styret tek sikte på å fullføre arbeidet med ny strategi innan sommaren 2008.

Hovudstyret har lagt stor vekt på å betre kunnskapsgrunnlaget for arbeidet med FoU-strategisk utvikling, budsjettforslag og anna rådgiving. Innsatsen er i stor mon styrkt på desse områda. Også forskning om forskning vil bli styrkt, i eit samarbeid med departementa.

Forskringsrådet gjennomførte i 2007 ein omfattande *porteføljeanalyse*, som kartla og analyserte FoU-innsatsen innanfor dei strukturelle, tematiske og teknologiske prioriteringane i Forskringsmeldinga. Dette har betra kunnskapsgrunnlaget både når det gjeld samla innsats og når det gjeld samspelet innanfor dei enkelte prioriteringane. Via NIFU-STEP er det innhenta tilsvarende data for den samla nasjonale innsatsen. Arbeidet blir vidareført i 2008. Det gir eit viktig faktagrunnlag i arbeidet med budsjett og strategi, noko som vil vere med og styrkje Forskringsrådets kompetanse som strategisk rådgivar.

Etter Riksrevisjonens forvaltningsrevisjon i 2004 og 2006 har Forskringsrådet gjennomført ei rekkje tiltak for å sikre betre verksemdsstyring av programma og betre formidling frå den faglege verksemda. Det er oppretta eigne heimesider for alle programma, retningslinjene om programdrifta er revidert, med tydelegare krav til mål- og resultatstyring og nye malar for årsrapportar og handlingsplanar. Ein planlegg eit nytt opplegg for verksemdsstyring frå programstyra og divisjonsstyra, med betre tilknytning til Hovudstyrets arbeid og Forskringsrådets strategi.

Forskringsrådet har hatt ein stor eigedomsmasse i Gaustadbekkdalen, som har vore utvikla for forskingsformål m.a. i samarbeid med Statsbygg og Universitetet i Oslo. Eignedomsverksemda er dei seinare åra trappa ned, i takt med at areala er utnytta og utviklingsprosjekta er gjennomførde. Frå 2007 står berre

forvaltningsoppgåver innanfor eigedomsverksemda att.

Resultat av verksemda

Dei samla inntektene for Forskringsrådet i 2007 var 5 900,5 mill. kroner. Av dette er tilskot frå departementa 5 743,6 mill. kroner. Utbyttet frå Fondet for forskning og nyskaping utgjorde 940,2 mill. kroner av inntektene i 2007, og er no den tredje største inntektskjelda. Driftskostnader som er både forskingsmidlar og administrative kostnader, var 5 917,4 mill. kroner. Årsresultatet for 2007 vart på -10,9 mill. kroner medrekna forskingsforpliktingar og administrative forpliktingar. Resultatet på 52,9 mill. kroner etter forpliktingar blir disponerte mot Forskringsrådets eigenkapital og andre forpliktingar.

Forskringsrådet har arbeidd systematisk for å redusere budsjettmessige overføringar av forskingstilskota. Det er gjennomført ei rekkje tiltak, m.a. langsiktig programbudsjettering og meir realistisk budsjettering på prosjektnivå. Dette har gitt god effekt allereie i 2007, men full effekt vil ein først oppnå ved overgangen til 2009. Forskringsrådet forventar å nå målet om at overføringane til 2009 vil vere lågare enn 15 prosent av budsjettet.

Arbeidsmiljø/sjukefråvær

Forskringsrådet gjennomførte ei ny medarbeidarundersøking i 2007. 84 prosent svarte på undersøkinga. Resultata avvik i liten grad frå førre måling i 2005, og fortel at medarbeidarane trivst med Forskringsrådet som arbeidsplass. Høgast skår i undersøkinga fekk jobbtrivsel, medverknad, samt tryggleik og helse.

Sjukefråværet er framleis lågt (3,3 prosent), og har vore stabilt lågt i ei årrekkje. Forskringsrådet inngjekk mvf 1.1.2003 avtale om eit inkluderande arbeidsliv. Langtidssjukemelde blir følgde tett opp. I 2007 hadde 29 personar (7,8 prosent) eit sjukefråvær på over 10 prosent. Av desse var 21 heilt eller delvis tilbake i jobb ved utgangen av året.

Samarbeidet mellom leiinga og dei tillitsvalde fungerer godt.

Miljøleiinga blir vidareført som ein integrert del av verksemda. Det er gjennomført tiltak for innsatsområda energi, transport, avfall og innkjøp. Forskringsrådet belastar ikkje det ytre miljøet med utslepp som kan føre til forureining.



Foto: Sverre Jarlid



Foto: Sverre Jarlid



Foto: Shutterstock

Tilsette/likestilling

Ved utgangen av 2007 utgjorde Forskringsrådets administrasjon 365,5 årsverk/371 personar. Rådgivargruppa (rådgivarar og seniorrådgivarar) er den største stillingsgruppa med til saman 172,3 årsverk.

Av 365,5 årsverk er 144 årsverk (39,4 prosent) menn og 221,5 årsverk kvinner, noko som gir ein kvinneandel på 61 prosent. Både konsulent- og rådgivargruppene har høg kvinneandel, mens det i gruppene for avdelingsdirektørar og divisjonsdirektørar er 53 prosent kvinner.

Hovudstyret og divisjonsstyra har eit minimum på 40 prosent kvinner.

Forskringsrådet har gjennom sine rutinar for tilsetjing forplakta seg til å ta likestillingsomsyn. Det blei i 2007 tilsett 30 nye medarbeidarar. Av desse var 63 prosent kvinner fordelte på alle stillingsgrupper og 10 prosent med innvandrarbakgrunnen. Det er til saman 10 tilsette med innvandrarbakgrunn i administrasjonen.

Utfordringar

Det er sett høge mål for norsk forskning. Kvart år aukar forskingsinnsatsen. Det blir no utført meir enn 30 000 FoU-årsverk i Noreg, og om lag halvparten av innsatsen skjer i næringslivet. Men FoU i privat sektor held ikkje følge med den økonomiske utviklinga. Veksten er sterkast i UoH-sektoren, som nærmar seg 10 000 FoU-årsverk.

Forskringsrådet konstaterer at Forskringsmeldingas mål for veksten i forskingsinnsatsen så langt ikkje er innfridd. Målsetjinga bør likevel gi retning for utviklinga i forskingsinvesteringane i Noreg og vil stå som eit vesentleg premiss for Forskringsrådets vekstam-

bisjonar. Forskringsrådet foreslår ein vekst på 1,22 milliardar kroner for 2009. Forskringsrådet foreslår også at fondskapitalen blir auka med 15 milliardar kroner i 2009.

Forskringsfondet blei oppretta i 1999 og hadde som formål å gi grunnlag for langsiktig og stabil finansiering, sikre grunnleggjande forskning og gi rom for tverrgående initiativ på tvers av sektoransvaret i det enkelte departement. Fondet har finansiert mykje av veksten i offentlege forskingsmidlar og har gitt strategisk handlingsrom for Forskringsrådet. Alle sentra for framifrå forskning og for forskingsdriven innovasjon er finansiert over fondet, og det har medverka til finansiering av Store program.

Sjølv om fondskapitalen er auka også dei seinare åra, har Forskringsrådet fått mindre av veksten, og styresmaktene har brukt mykje av avkastninga til å finansiere bundne postar. Forskringsrådet har derfor mista mykje av det handlingsrommet som avkastninga skapte. Dette svekkjer moglegheitene for langsiktig og heilskapleg finansiering av norsk forskning. Bruken av Fondet må førast tilbake til intensjonane: å understøtte strategiske initiativ og sikre sektorovergripande finansiering, m.a. av grunnleggjande forskning.

Samla sett inneber Forskringsrådets budsjettforslag for 2009 ei tydelegare spissing samanlikna med tidlegare år. Det blir allokert monaleg vekst til dei tre tunge satsingane *Forsking på miljøvennleg energi, miljøteknologi og klimaendringar, Avansert vitskapleg utstyr og forskingsinfrastruktur og ein Open konkurransearena for næringsretta, brukarstyrt forskning.*

Ei styrking av norsk forskningsevne er kritisk avhengig av tilgang på både menneskelege ressursar og forskingsinfrastruktur gjennom ein større auke i investeringstakta for vitskapleg utstyr, elektronisk infrastruktur, vitskaplege e-databasar og samlingar.

Etterspurnaden etter arbeidskraft med kompetanse på doktorgradsnivå vil auke i alle sektorar. Dette kjem i tillegg til etterspurnaden etter forskarar i næringslivet, i instituttsektoren og – ikkje minst – i universitets- og høgskolesektoren, som både skal forske sjølv og rettleie og utdanne nye forskarar. Generasjonsskiftet som skjer i Akademia i åra framover vil i seg sjølv krevje omfattande nyrekruttering. Berre for å erstatte pensjonering og annan avgang frå forskaryrket fram til 2020, må det etablerast nesten 300 nye stipendiatstillingar kvart år i ti år framover. Innanfor MNT-faga er det nødvendig med 200 nye stipendiatstillingar kvart år (NIFU STEP Rapport 12/2007). I 2007 var det for første gong meir enn 1000 disputasar for doktorgrad i Noreg. Målt i tal på doktorgradar per hovud ligg Noreg likevel lågare enn dei andre nordiske landa.


Ei anna viktig utfordring ligg i globaliseringa. Dette gir den nasjonale innovasjonspolitikken store utfordringar fordi næringsaktørane opererer over landegrensar og i aukande grad etablerer ein internasjonal kunnskaps- og forskingsmarknad. For forskinga er internasjonalt samarbeid ein føresetnad for auka kapasitet og kvalitet. Nye moglegheiter oppstår, framveksten av nye forskingsmiljø aukar og tidlegare barrierar mellom fag, institusjonar og land blir brotne ned.

Forskningsrådet arbeider aktivt for at norsk forskning skal gripe moglegheitene gjennom å vidareutvikle eksisterande samarbeid og opne for nye relasjonar. Vi må fremje forskarmobilitet og gi norske forskarar tilgang til fasilitetar og ressur-sar. Rådet søkjer også å påverke disku-sjonar i internasjonale forskingspolitiske fora, og skape auka merksemd om Noreg som ein attraktiv forskingsnasjon.

Det er også ei viktig utfordring å auke utnyttinga av forskingsresultat. Den kontakten styret har med det politiske nivået, har tydeleggjort eit stort behov for å formidle forskning på område av med stor politisk vekt. Tilsvarande er det behov for å betre formidlingsarbeidet frå ulike programsatsingar, og det må leggjast til rette for auka kommersiell utnytting av forskning.

Takk til dei tilsette

Hovudstyret rettar ein takk til dei tilsette i Forskningsrådet for stor innsats gjennom 2007.



Oslo, 31. desember 2007

24. april 2008

I styret for Noregs forskingsråd

Geir Stene-Larsen
Geir Stene-Larsen
(leiar)

Unni Steinsmo
Unni Steinsmo
(nestleiar)

Knut Liestøl
Knut Liestøl

Kari Melbye
Kari Melbye

Alf Bjørseth
Alf Bjørseth

Siri Kalvig
Siri Kalvig


Ole Henrik Magga
Ole Henrik Magga

Bernt-Erik Heid
Bernt-Erik Heid

Arvid Hallén
Arvid Hallén
(adm.dir.)


Nokre nøkkeltal

Tal på avlagte doktorgrader 2000–2007
med finansiering¹ frå Forskingrådet




¹Ikke medregnet støtte på under 1,5 årsverk

Utviklinga i viktigaste virkemidlar
i perioden 2003–2007 (i mill. kroner)




¹Bastilskot, strategisk institusjonsstøtte, SFF, SFI og vitskapeleg utstyr


Utviklinga i tildeling til ulike sektorar
i perioden 2003–2007 (i mill. kroner)



Tildelingar fordelte på fagområde
i perioden 2002–2007 (i mill. kroner)




Budsjett 2007 fordelte på divisjonane
(i mill. kroner)



Totalt 5 691 millionar kroner
(inkl. administrasjon)

Inntekter og tilskot for 2007

Tilskot frå dei einskilde departementa og andre inntekter (i mill. kroner)



Totalt 5 475 millionar kroner

* Inkludert administrasjon, ekskl. særskilde forvaltningsoppdrag frå departementa

Resultatrekneskap 1.1. – 31.12.2007

(1.000 kr.)	Note	2007	2006
INNTEKTER			
Generelle midlar	2	4 638 324	4 418 460
Spesielle midlar	2	1 105 238	926 715
Andre offentlege og private tilskot		136 783	183 692
Sals- og oppdragsinntekter		20 171	26 072
Sum inntekter		5 900 516	5 554 939
DRIFTSKOSTNADER			
